

FORSLAG TIL VEDTAK OM PRINSIPPROGRAM

TIL 5. LANDSMØTE

PRINSIPPROGRAM OG VEDTEKTER FOR AKP(m-l)



Vedtatt på 4. landsmøte
(desember 1984)

Innhold:

- I. Innledning v/ Jørn
- II. Opplegget for lagsdiskusjonen
- III. Forslag til programtekster:
 1. Kapittel 4.
 2. Kapittel 1.
 3. Kapittel 3.
 4. Kapittel 7.
 5. Div. forslag fra Jørn.
- IV. Vedlegg:
Kritikk av gamle statspunktet fra T.G.
- V. Innstilling om programarbeidet i
neste periode - fra Prinsipprogramkomiteen.

kr. 20,-

PRINSIPPROGRAM OG LANDSMØTEBEVEGELSE.

Den foreløpige prinsippprogramkomiteen legger med dette fram sine forslag til endringer i prinsippprogrammet. Alle avdelingene skal diskutere disse forslaga før sommeren - og sende inn endringsforslag.

Komiteen har hatt to større møter. Ett for å definere nærmere det mandatet som var gitt fra SK - og for å bestemme arbeidsmåte. Ett for å ta stilling til utkast som var utarbeida, utveksla og samordna i mellomtida.

SK vil sette sammen en (delvis) ny prinsippprogramkomite til å gå gjennom forslaga som kommer inn - og legge fram utkast for delegatkonferansene og landsmøtet til høsten. I sammensetninga av denne komiteen vil det bli tatt et visst hensyn til de viktigste uenighetene i programdiskusjonen.

1) Mandat og arbeidsmåte.

Vedtak om dette sto i sin helhet i TF for september/oktober-87. Her skal bare gjentas det viktigste. Det har vært enighet i komiteen om at det gamle programmet er for langt og utflytende. Men etter en viss uenighet i komiteen blei det bestemt å legge det gamle programmet til grunn for arbeidet - og ikke forsøke å lage et program som er helt nytt i forma - og radikalt mye kortere. Hovedgrunnen til dette var ønsket om å holde programarbeidet denne gangen på et nøkternt nivå. Det var også hensikten ikke å lage «omkamp» på alle de diskusjonene vi tok stilling i (eller lagde kompromisser om) i forrige landsmøtediskusjon. (-84). SK og komiteen har ment at det viktigste denne gangen er å utvikle kapittel 4. «Kapitalismen i Noreg». Der var diskusjonen tynnest i forrige landsmøteperiode - og her er det jobba mest med analysene i denne. I tillegg er det skjedd så vesentlige endringer i verdenssituasjonen i de siste åra, at det har vært nødvendig å gå gjennom siste del av kapittel 1 og kapittel 3 på nytt. Det økologiske aspektet var lite påakta i forrige programdiskusjon - komiteen mente det bør være et mål å få dette sterkere med i løpet av denne landsmøtebevegelsen.

2) Komiteens sammensetning.

Følgende har deltatt på ett eller begge møtene i komiteen.

Evelyn Dyb
Jon Ivar Elstad
Per Gunnar Gabrielsen
Tellef Hansen
Siri Jensen
Jørn Magdahl, leder.
Peder M. Lysestøl
Eldar Myhre
Solveig Nyhamar
Pål Steigan

Agnete Strøm var innvalgt, men hadde forfall.

3) Hva er nytt?

Erfaringsvis kan det være plundrete å finne ut hva som er de viktigste «nyhetene» i et programforslag. Dette avhenger også av øynene som ser. Det er umulig å lage en katalog over alle store og små endringer. Etter min mening er dette det viktigste så langt:

- Kriteriene for - og hensikten med - klasseanalyse er tatt med.(4.2.2.) Analyse av de to hovedklassene (borgerskapet og arbeiderklassen) er utvida.(4.2.2.1. og 4.2.2.2.) Det er gjort forsøk på å få med viktige endringer - på grunnlag av de store strukturendringene kapitalismen gjennomgår.

- Analyse av «de to spissene» (her kalt de to ledende kreftene) i arbeiderklassen er innarbeida.(4.2.2.2.).

- Det er tatt med et eget punkt om fagbevegelsen. Dette var en viktig mangel sist.(4.3.)

- Komiteen har ikke greid å samle seg om et nytt punkt om arbeideraristokratiet, men vedtok noen punkter som et av medlemmene har laga et utkast på grunnlag av.

- «Kvinnepunktet» (4.4.1.) var ganske godt sist, men analyse er forsøkt ajourført. Bl.a. er borgerskapets undertrykking av kvinnene - og menns undertrykking - satt bedre i sammenheng. Nødvendigheten av at kvinnene i arbeiderklassen organiserer seg både klassemessig - og kjønnsmessig er tatt med. Det foreligger også et forslag til nytt punkt

om kvinnene og imperialismen (1.4.7).

- Forslaget sier at den viktigste motsigelsen i verden nå - er motsigelsen mellom imperialismen og den 3.verdens undertrykte folk.(1.4.4.)

- Det står ikke lenger at krigsfaren øker - bare at den er stor.
(Hele programmet).

- Analysa av Sovjet som en stat av «Hitler-typen» er fjerna i hele programmet. Men det står fortsatt at Sovjet er kapitalistisk, fascistisk- og aggressivt.

- Komiteen har vedtatt fem punkter som skal danne grunnlag for seinere forslag om økologi.(4.4.5.)

- Punktene 4.1. og 4.2. «Noreg i verda» og «særdrag ved kapitalismen i Noreg» er slått sammen til ett punkt (4.1.) Det er lagt større vekt på det norske borgerskapets imperialistiske ambisjoner.

- Uten større diskusjoner er det gjort endringer i punktene om bl.a. nynorsk (4.4.3.4.), homofili,(4.2., se kritikken fra PU under), innvandring-(4.4.3.2.)

4. Viktig uenighet.

Motsigelsene i komiteen var ikke mange - og store. En del dreide seg om disposisjon, formuleringer, lengde, prioriteringer - som alt kan være viktig i et prinsippprogram, men som jeg ikke vil gå særlig inn på her. Her vil vi konsentrere oss om linjemotsigelser. Spennvidden i synspunkter i partiet er sannsynligvis mye større enn det som kommer fram her, men vi regner med at (noen av) disse temaene vil stå sentralt i hele programdiskusjonen.

A) De to «spissene»(ledende kreftene) i arbeiderklassen.

B) Arbeideraristokratiet

C) Kapitalismen og kvinneundertrykkinga

D) Den viktigste motsigelsen i verden.

E) Krigsfaren.

A) De to ledende kreftene («spissene») i arbeiderklassen.

Vi at en av de aller største endringene i det norske samfunnet i de siste tiåra er at 1/2 million flere kvinner er gått ut i lønna arbeid siden 1960. Halvparten av arbeiderklassen er i dag yrkesaktive kvinner. Alle forstår at dette må få konsekvenser for klasseanalyse vår. Det har imidlertid vært en del usikkerhet og uenighet om hvilke. Siri Jensen har utvikla «teorien om to spisser» - Se bl.a. i Røde Fane nr. 1/87 og i Kjersti Ericssons «Søstre, kamerater! s.30/31. Komiteen slutta seg enstemmig til et forslag som tok utgangspunkt i denne teorien. I utgangspunktet var det imidlertid et alternativt forslag - og usikkerhet.

Teorien legger stor vekt på de kvinnelige arbeidernes kjønnsbevissthet - og skvisen mellom ansvaret for privatarbeidet i familien- og situasjonen som lønnsarbeider, når den skal forklare hvorfor de er en ledende kraft i arbeiderklassen.

Dette var det usikkerhet om. Noen lurte på om kvinnene i arbeiderklassen kunne være noen ledende kraft før de blei bedre organisert. Men klassen analysen tar først og fremst utgangspunkt i de enkelte klassene og gruppenes objektive stilling. Vi går ikke vekk fra analyse av kjerneproletariatet som ledende - sjøl om klassesamarbeidssystemet og den sosialdemokratiske innflytelsen mm. har lagt et lokk på mye av kjerneproletariatets kamp. En del av diskusjonen har forøvrig dreid seg om å påvise at kamplysta og kampkrafta til den kvinnelige arbeiderklassen er økende.

Fra den riktige påvisninga at arbeiderklassen ikke er lik «menn med hjelm» har det i en del av partiet det utvikla seg tendenser til å nedvurdere kjerneproletariatets ledende rolle.

B) Arbeideraristokratiet.(4.2.2.3.)

Lenin knytta som kjent arbeideraristokratiet til superprofitten fra den imperialistiske utbyttinga.

Et punkt om å kutte ut hele analyse av arbeideraristokratiet blei avvist, men i utgangspunktet var det mye uenighet og usikkerhet i komiteen om analyse. Det viktigste dreide seg om hvem som hører til arbeideraristokratiet: Er spesielt høgtlønna arbeidere arbeideraristokrater?(F.eks. oljearbeidere og heisemontører). Er fastlønna klubbtilitsvalgte, f.eks., arbeideraristokrater? Fra noen blei det sagt at grunnen til at disse spørsmåla blei reist nå har sammenheng med at mange av partiets arbeiderkadre tilhører disse sjikta. Mot dette blei det hevda at Partiet har hatt et vulgært syn på hva som er privilegier - og på hva som kvalifiserer til å tilhøre arbeideraristokratiet.

En del spørsmål så det ut til å bli enighet om i løpet av diskusjonen - se vedtak.

C) Kvinneundertrykkinga.

Her stemte Jon Ivar Elstad mot forslaget som blei vedtatt i Komiteen- og har etterpå skrivi ut et motforslag. Kritikken hans retta seg særlig mot den vekta som er lagt på familiens rolle for å forklare kvinneundertrykkinga under kapitalismen. Flertallsforslaget legger stor vekt på organiseringa av det private og ulønna hus- og omsorgsarbeidet i familier. Denne øker utbyttinga ved å senke reproduksjonskostnadene for arbeidskrafta - og gjør kvinnelønn til «spe på-lønn». J.I. mener det er gærnt å snakke om familien som en del av de kapitalistiske produksjonsforholda. Han legger vekt på at det har vært helt ulike familieformer under forskjellige faser av kapitalismen, og fordi han mener mange i dag ikke lever i det som vanligvis menes med familier i det hele tatt. Han mener også at flertallet har et statisk syn på kvinneundertrykkinga under kapitalismen - og undervurderer de endringene som har skjedd og kan skje med kvinnes situasjon.

D/E) Den viktigste motsigelsen i verden - og krigsfaren.

I det nåværende programmet står det: «Dei motsetningane som dominerer verda i dag(1984) er: - motsetninga mellom dei to imperialistiske supermaktene USA og Sovjet,- motsetninga mellom imperialismen og den tredje verda. I det nye forslaget til 1.4.1. står det: «I dag, i 1987, domineres verden av motsetninga mellom imperialismen og den 3.verdens undertrykte folk og nasjoner.»

I det nåværende programmet står det at krigsfaren øker, at verden er svanger med krig(underforstått ; verdenskrig mellom USA og Sovjet). I det nye forslaget skal det «bare» stå at krigsfaren er stor/reell.

På slutten av 70-tallet - og på begynnelsen av 80-tallet var Sovjet klart på offensiven. Nå har landet kjørt seg fast i Afghanistan og Kampuchea. Eritreerne er på offensiven. Glasnost og perestrojka er først og fremst uttrykk for at de økonomiske problemene har gjort det vanskeligere å holde rustningsforsparanget på den mye større amerikanske økonomien. Dette betyr ikke at ambisjonene om verdenshegemoni er gitt opp, men at styrken foreløpig ikke er stor nok til videre offensiv. Dette forhindrer ikke at en verdenskrig kan utvikle seg med utgangspunkt i en av de regionale konfliktene hvor supermaktene står mot hverandre. USA som har vært den sterkeste økonomiske makta i hele etterkrigstida har på sin side møtt langt sterkere konkurranse fra EF og særlig Japan. Motstanden mot USA-imperialismen i den 3.verden fortsetter også å vokse. Supermakta har ikke greid å knekke «bakgårdsopprørerne» i Nicaragua.

Frigrjøringsstyrkene på Fillipinene står sterkt. Tilbakebetalinga av låna fra den 3. verden-landa er ikke lenger sikre. På sikt er den vestlige imperialismen dømt til å tape i Sør-Afrika. Heller ikke USA vil i denne situasjonen ha noe å tjene på en storkrig mot den andre supermakta.

5. Godkjent for utsending - av Politisk Utvalg.

Komiteens forslag har vært diskutert i Politisk Utvalg. PU har godkjent forslaget som grunnlag for de videre programdiskusjonene. Denne innebærer selvfølgelig ikke at PU går god for alt som står i forslaget. PU gjorde to andre vedtak som er viktig for den videre behandlinga:

- 1) «PU mener at punktet om undertrykking av homofile er utilfredsstillende og oppfordrer programkomiteen til å utarbeide nytt utkast etter konferanse med de kameratene som jobber i utvalget for dette området.»
- 2) «I presentasjonen av programforslaget skal det presiseres at det er flere deler av programmet som er lite grundig behandla og at det i tida framover er behov for at både folk som har spesielle kunnskaper om enkelte områder, prinspprogramkomiteen, partilag, enkeltmedlemmer og SK, jobber videre med forslaget fram til landsmøtet.»

Jørn Magdahl.

Opplegget for lagsdiskusjonene

I årsplanen heter det at alle avdelinger skal ha behandla landsmøtesakene før **1. juni**. Endringsforslag til prinsippprogrammet må altså også sendes innen denne fristen.

PU vedtok følgende om opplegget for avdelingsdiskusjonene:

1) Vi ber om at alle avdelingene diskuterer analysene av arbeiderklassen (de to ledende kreftene(4.2.2.2.), andre endringer i klassen(4.2.2.2), fagbevegelsen(4.3.) - evt. arbeideraristokratiets rolle(4.2.2.3.).

2) Andre områder hvor det er viktige uenigheter eller endringer - og hvor det er behov for å få diskusjoner:

- De to utkasta til kvinnepunkt (4.4.1.1.)

- Endringene i den internasjonale situasjonen (dvs. ta stilling til den viktigste motsigelsen i verden(1.4.) - og til at krigsfaren er stor, men at det ikke lenger skal stå at den øker.)
- Økologi(4.4.5.)
- Pkt. 4.1. og 4.7. som dreier seg om det særegne ved - og utviklinga av norsk imperialisme).

(Avdelingene må her prioritere ut fra kunnskap og interesse.

Forøvrig står alle avdelinger fritt til å diskutere hva som helst som har med prisprogrammet å gjøre - og å fremme forslag.)

KAPITTEL 4.

Kapitalismen i Noreg.

4.1. Særdrag ved kapitalismen i Noreg.

Noreg er eit av dei yngre kapitalistiske landa i Europa. Landet er uten sterke koloniale tradisjonar. Integrasjonen i det imperialistiske systemet har først og fremst vore gjennom handel, skipsfart, utanlandsk kapital, og politiske og militære alliansar.

Den industrielle utviklinga er basert på råvarer, halvfabrikata, og billig energi. Kapitalkonsentrasjonen har tradisjonelt vore liten.

Med utviklinga av oljeøkonomien frå først på 70-talet har norsk kapitalisme gradvis fått ein mer offensiv og aggressiv karakter. Dei enorme oljeprofittane har ført til ein kraftig kapitalkonsentrasjon og sterk vekst i statsmonopola. Samtidig har utanlandsk industri- og finanskapital styrka sine interesser i landet. Norsk kapitaleksport har skutt fart frå først på 80-talet. Ved hjelp av såkalla «u-hjelp» forsøker det norske borgarskapet også å styrke sine posisjoner i den 3. verda. Norsk monopolkapital har i dag betydelege imperialistiske ambisjonar.

Den djupe strukturkrisa som ramma heile det imperialistiske systemet frå slutten av 60-talet, har til nå berre i liten grad virka inn på norsk økonomi. Oljerikdomane har gjort det mogeleg for borgarskapet å skjerme norsk økonomi frå dei avlorlegaste kriseutslaga så lenge oljeprisane var stigande og oljeproduksjon- og investeringar har vore på høgt nivå. Denne avhengigheita av olje kan bli snudd til ein alvorleg veikskap når oljemarknaden blir svekka.

Det norske borgarskapet har i fleire år tatt tiltak for å verne profittane mot den stadig hardare internasjonale konkurransen. Gjennom omstilling av næringslivet med m.a. nedleggjing av tradisjonell tungindustri, gjennom auka internasjonalisering med kraftig vekst i kapitaleksporten, og gjennom hardare utbytting av den norske arbeidarklassen ved lønnsnedslag, nedtrapping av helse- og sosial- og utdanningssektoren, prøver borgarskapet å sikre maksimal profitt under nye økonomiske og politiske betingelser.

Noreg er svært nært knytta til USA - og deira interesser.

USA har sterk kontroll over den norske hæren gjennom NATO. Samstundes har Sovjet basar ved grensene , infiltrerer langs kysten og har satt seg fast på norske Svalbard. Plasseringa av Noreg gjer landet til viktig bytte ved storkrig.

Norsk sjølvråderett er og truga av ein borgarleg kampanje for å undergrave resultatet av folkets nei til EF i 1972 - og med mål å gjera Noreg til medlem.

Noreg har lagt under seg store samiske område og undertrykker den samiske nasjonen. Statsrasismen rammar flyktningar og arbeidssøkjande frå den 3.verda.

AKP vil mobilisere arbeiderklassen og folket til forsvar for sjølvrådetten, men mot norsk imperialism og sjåvinisme.

4.2. Klassar og klassemotsetningar.

Ei analysa av klassane og klassemotseiingane i det norske samfunnet syner kva for klassar som har interesse av at kapitalismen held fram, kva for klassar som har interesse av sosialismen, kva for klassar og grupper som ligg mellom - og kva for viktige indre motsetningar som finst i klassane.

Med klassar meiner vi grupper av folk som har viktige fellestrekk med omsyn til:

- Tilhøvet til produksjonsmidla. (Om dei eig eller rår over produksjonsmiddel - eller om dei er eigedomslause)
- Den plassen dei har i organiseringa av produksjonen i samfunnet.(T.d. om dei har makt ved å ha mange under seg, har mange over seg- eller er sjølvstendige)
- På kva vis dei får inntektene sine(t.d. gjennom profitt, sal av sjølvproduserte varer - eller gjennom lønnsarbeid) - og storleiken på desse.

4.2.1. Hovudmotsetninga i det norske samfunnet.

Hovudmotsetninga i det norske samfunnet går mellom borgarskapet (kapitalistklassen) og arbeidarklassen (proletariatet). Ho styrer og virkar inn på alle andre motsetningar i det norske samfunnet. Mellom desse hovudklassane er småborgarskapet, som er delt i ulike grupper. Under t.d. okkupasjon eller fascisme vil hovudmotsetninga skifte.

4.2.2. Klassane.

4.2.2.1. Borgarskapet.

Til borgarskapet høyrer arbeidsgjevarar som kan akkumulere kapital på grunnlag av det arbeidet arbeidarane deira ikkje får lønn for, andre kapitaleigarar, tilsette toppleiarar i private og statlege kapitalistiske verksemdar, toppleiarar i forsvaret, staten og kommunane, mange leiarar i organisasjonar og parti - deriblant toppane i DNA og LO, og dei rike toppane blant dei intellektuelle.

Herskarane innafor borgarskapet er det sjiktet som styrer den statlege og private monopolkapitalen.

Dette sjiktet kontrollerer den viktigaste kapitalen i Noreg, har stor makt over den statlege politikken og har nært samband med dei imperialistiske borgarskapa i andre, særleg vestlege, imperialistland.

Heile borgarskapet har felles interesse av den kapitalistiske utbyttinga. Det vil på alle vis forsvare kapitalismen mot sosialistisk omveltning.

Samstundes er det viktige motsetningar i borgarskapet som nokre gonger kan utnyttast. Desse motsetningane grunnet seg for det meste på kva for slag kapital dei ulike delene har interesser i.

Derfor er det motsetningar mellom stor og liten kapital, statleg og privat-, norsk og utenlandsk-, mellom bank- og industrikapital, og mellom ulike monopolgrupper.

Monopolkapitalen får stadig meir preg av at han er eigd og styrt av eit sjikt med direktørar, statsbyråkratar og politikarar.

Tradisjonelle eigarar av enkeltkapitalar er mindre viktige.

I 80-åra har det vore store endringar i samansetjinga av borgarskapet:

- Profittjaget har drive kapitalen ut av mykje skipsfart og tradisjonell industri, og over i utanlandske investeringar, eigedomsspekulasjonar og finansverksemd. Delar av storindustrien har kome i store vanskar.

- Økonomien er meir prega av spekulasjon og kortsiktige pengeflyttingar som ikkje fører til nokon nyttig produksjon.

- Det monopolistiske sjiktet er sterkt samanfiltra, men konkurransen mellom ulike kapitalgrupper om kontrollen over viktige selskap er innbitt.

Aksjepostar skiftar ustanseleg eigarar.

- Monopoliseringa av eigedom og konsentrasjon av kapital har gått enda raskare enn før.

Omstillinga i næringslivet vil halde fram i høgt tempo.

På den ene sida vil dette seie at monopolkapitalen styrker seg - og at åtaka på det arbeidande folket vert hardare. Samstundes er uroa i dei kapitalistiske eigedomstilhøva eitt uttrykk for problema til kapitalen. Dei har vanskar med å finne fram til investeringar i vareproduksjonen som gir høg nok avkastning. Konkurransen i - og problema for - borgarskapet vil auke.

4.2.2.2. Arbeidarklassen.

Arbeidarklassens historiske rolle.

Arbeidarklassen er overlegent den største og viktigste undertrykte klassen under kapitalismen. Han er utan eigedom i produksjonsmiddel, og lever av å selge arbeidskrafta si. Han står i skarp motsetning til borgarskapet. Den økonomiske maktstillinga til borgarskapet er tufta på utbyttinga av arbeidarklassen. Arbeidarklassens historiske rolle er å avskaffe kapitalismen gjennom ei sosialistisk omveltning, og å leie samfunnsutviklinga framover mot kommunismen.

Arbeidarklassen samansetjing.

Arbeidarklassen omfattar arbeidarane i industri, olje og gruver, bygg og anlegg, transport, fiske og landbruk, og dei underordna lønnsarbeidarane i handel- og kontoryrker, helse- og sosialektoren, og i anna offentleg verksemd. Også arbeidslause og trygda arbeidarar tilhøyrrer arbeidarklassen, og dei ikkje-yrkesaktive frå arbeidarfamilier.

Antallet yrkesaktive arbeidarar har vore aukande i Noreg dei siste tiåra. Meir enn halvparten av dei yrkesaktive tilhøyrrer denne klassen. Nær ein tredel av arbeidarane finst i industrien, og vidare er talet på arbeidarar stort i handel, helse- og sosialektoren, bygg, anlegg og transport.

Talet på arbeidarar aukar først og fremst av di antalet kvinnelege arbeidarar i handel, offentleg sektor, og i ymse kontoryrke har vorte stort. I slutten av 1980-åra er omlag halvdelen av arbeidarane er kvinner.

Dei to leiande kreftene («spissane»).

Kjerneproletariatet

Arbeidarane på dei større verksemdene i produksjon og transport er den tradisjonelle kjerna i arbeidarklassen. konsentrasjon, strategisk plassering i produksjonen av merverdi, antal, og sterk organisasjon gjer dei ei nøkkelrolle som ei leiande kraft i arbeidarklassen. Dei står i direkte konfrontasjon med dei viktigaste delane av borgarskapet. Fleirtalet av kjerneproletariatet er mannlege arbeidarar, men det finst også store grupper kvinnelege arbeidarar, særleg i industrien, som alltid har vore ein del av kjerneproletariatet.

Kvinnene i arbeidarklassen

Dei siste tiåra har kvinnene i arbeidarklassen vekse fram som ei anna leiande kraft («spiss») i arbeidarklassen.

Frå 1960 til - 85 auka talet på yrkesaktive kvinner med 1/2 million og kvinnene er no halvparten av den yrkesaktive delen av arbeidarklassen. Grunnlaget for den leiande stillinga til kvinnene er den stillinga dei har som både arbeidarar og hovudansvarlege for hus-og omsorgsarbeid. Denne motsetninga skjerpast stadig og tvingar kvinnene til å reise kampen for kortare normalarbeidsdag, heving av kvinnelønna, styrking av offentlege omsorgstilbod osv.

Samtidig spelar kvinnes endra medvit om sin eige stilling, kvinnemedvitet, ei viktig rolle. Som både arbeidarar og kvinnemedvitne vil dei lettare kunne se behovet for eit sosialistisk samfunn. Sjølv om delar av kvinnene er fagorganiserte, er det ein viktig veikskap at kvinnene i arbeidarklassen ikkje er organiserte som klasse og kjønn.

Det er ei avgjerande strategisk oppgave å bygge ein allianse mellom dei to leiande kreftene («spissane»); det tradisjonelle kjerneproletariatet og den kvinnelege delen av arbeidarklassen.

Som både arbeidarar og kvinnemedvitne vil dei lettare kunne sjå behovet for eit sosialistisk samfunn. Viktige delar av dei har så langt vore dårleg organiserte både som klasse og kjønn. På den annen side er den sosialdemokratiske dominansen mindre enn i kjerneproletariatet. Det er svært viktig å utvikle alliansen mellom dei to leiande kreftene («spissane») i arbeidarklassen.

Arbeidarane frå den 3. verda

Nokre titusen arbeidarar frå den 3. verda spelar ei veksande rolle innanfor arbeidarklassen, særleg i nokre av byane. Mange av dei høyrer til dei mest undertrykte. Rasistisk undertrykking og statleg rasisme gjer situasjonen deira utrygg, og dei har ofte særleg dårlege arbeidsforhold og låg lønn.

(VEDTATT MERKNAD TIL AVSNITTET OM ARBEIDERNE FRA 3. VERDEN: AVSNITTET ER TYNT, OG LEGGER BARE VEKT PÅ DE UTENLANDSKE ARBEIDERNE SOM «LIDENDE» DEL AV ARBEIDERKLASSEN, IKKE PÅ HVILKEN KRAFT DE KAN VÆRE.)

Klassemedvit.

Arbeidarklassen i Noreg har rike klassekamptradisjonar, men i etterkrigstida har klassesamarbeidet hatt stor oppslutning. Mange arbeidarar reknar seg ikkje som det. Vi kjempar for at arbeidarane skal oppfatte seg som ein klasse med sams interesser økonomisk, politisk, kulturelt osv.- og igjen skal sjå det som si historiske oppgåve å styrte kapitalismen.

4.2.2.3. Arbeidararistokratiet.

I KOMITEEN KOM VI IKKE LANGT NOK TIL Å STEMME OVER ET FERDIG UTFORMA FORSLAG. VI STEMTE OVER FØLGENDE FRAMLEGG FRA ELDAR MYHRE:

Arbeideraristokratiet slik partiet har snakket om det, utgjør ulike sjikt - ikke ett - med ulik grad av tilknytning til borgerskapet. (4 stemte for dette, 3 for ett sjikt, 1 avholden)

Gruppe 1. Privilegerte lag og yrkesgrupper. Disse er politisk uten større betydning.

Gruppe 2. Personer i det faglige byråkrati, i sosialdemokratenes egne organisasjoner, i kommunalt og offentlig byråkrati. Folk med livsforhold og inntekt som skiller dem fra arbeiderklassen.

Disse har utgjort en bred basis for å forsvare arbeiderbevegelsen med borgerskapet. Tendensen er at sjiktet er i ferd med å bli tynnere, utenom i fagbyråkratiet der det er i sterk vekst.

Gruppe 3. Personer som gis eller forventer å få privilegier av arbeidsgiveren på arbeidsplassen. Dette sjiktet er ofte vanskelig å skille fra det ordinære klassesamarbeidssystemet.

Påstand: Arbeideraristokratiet er en viktig del av klassesamarbeidssystemet og reformismen i Norge. Men det **grunnleggende** er institusjonaliseringen av klassesamarbeidet gjennom avtaleverk og lover.

Eldar Myhre skriver ut et forslag basert på disse standpunktene.

HER ER FORSLAGET TIL ELDAR(4.2.2.3 Arbeideraristokratiet):

Dette er ulike sjikt med utgangspunkt i arbeidarklassen og med innverknad i han, men med føremoner som skil dei frå arbeidarar flest.

Etterkvart som arbeidarklassen voks i styrke fekk borgarskapet behov for å skape ein basis for eit sjikt som kunne dempa og leie bort kampen til arbeidarklassen. Dette gjeld:

- Privilegier til arbeidarar i yrke som er i nøkkelposisjonar. Dette har liten påverknad på klassen som heilskap.

- Lønns- og karrieremessige føremoner arbeidarar som vert rekruttert til kommunalt og offentleg byråkrati og andre posisjonar med ansvar innaforsystemet, og til det faglege toppbyråkratiet.

Særskilt etter krigen har dette sjiktet vakse til ein brei basis for å forsone arbeidarklassen med borgarskapet. Tendensen i dag er at dette sjiktet er i ferd med å bli tynnare, utanom i fagforeningsbyråkratiet.

- Personar som får eller forventar føremoner av arbeidsgjevaren. Ofte kan dette gjelde «betre» jobbar til tillitsvalde.

Arbeideraristokratiet er ein viktig del av klassesamarbeidssystemet og reformismen i Noreg, og kampen mot føremoner for tillitsvalde er viktig. Men det grunnleggjande feste er forankringa (institusjonaliseringa) av klassesamarbeidet gjennom lovgjeving og avtaleverk, og motsett, dei mange straffetiltaka mot foreningar og arbeidarleiarar som reiser klassekamp.

4.2.2.4. Småborgarskapet.

Småborgarskapet lever ikkje av utbytting, men det skil seg frå arbeidar-klassen, anten ved at det eig produksjonsmiddel, eller ved at dei er tilsette i posisjonar med meir sjølstende - eller ein del underordna seg. Småborgarskapet omfattar svært ulike sjikt. Nokre av gruppene ein til vanleg reknar å tilhøyre småborgarskapet, står så nær arbeidarklassen at

dei knapt kan skiljast frå han. Det gjeld t.d. sjukepleiarar utan leiande funksjonar - og mange førskolelærarar. Nokre få står nær borgarskapet.

Dei ulike sjikta i småborgarskapet har ein høg grad av yrkesorganisering. Desse er knytta til same klassesamarbeidssystem som arbeiderklassens fagorganisasjoner.

Innafor småborgarskapet vil det alltid være ein konstant kamp mellom å orientere seg i retning borgarskapet eller arbeidarklassen. Lagnaden til dei ulike småborgarlege gruppene vil bli avgjord i kva grad dei er i stnad til å forene seg med arbeidarklassens kamp.

Bønder og fiskarar.

Dei fleste bønder og fiskarar er små sjølveigarar, eller halvproletarar som og har inntekt frå arbeidaryrke i tillegg til næringsinntekta. Mindretalet av dei er rike småborgarar eller kapitalistar.

Men dette mindretalet har hand om dei mange samvirkeorganisasjonane og yrkesorganisasjonana og samarbeidar nært med den kapitalistiske staten. Staten rår over levevilkåra til bøndene og fiskarane og jobbar saman med finanskapitalen for å skjære ned overføringane.

For dei små sjølveigarane er det mykje slit for lita inntekt. Sjøl om dei har minka i tal er dei framleis sentrale for matforsyning og busetting. Dei må slåss både mot staten og dei kapitalistiske bøndene/fiskarane sin politikk for overleve som klasse. Kvinnebøndene gjer mykje av arbeidet utan å få eigen inntekt. Desse gruppene er spesielt viktige ved nasjonal eller revolusjonær krig.

Småborgarlege intellektuelle.

Blant småborgarlege intellektuelle er fleirtalet tilsette i underordna stillingar. Eit mindretal har høge posisjonar, eller er velstående sjølvstendige. Det intellektuelle småborgarskapet (særleg innafor helse-og sosial og undervisningssektorane) har vekse mye og raskt, og det held fram å auke pga. veksten i offentleg verksemd - og nye kvalifikasjonskrav.

I dei lågare delane av småborgarskapet er det mange kvinner som har dårlegare lønn enn mange mannlege arbeidarar. Ein del av desse gruppene har dei seinere åra utvikla sterkare fagorganisasjonar, og har kjempa hardt for interessene sine - ut frå både klasse- og kvinneinteresser. I desse gruppene finst det mange progressive, men på 80-talet er det og viktige grupper av småborgarlege intellektuelle som har knytta seg nærare til borgarskapet. Polariseringa blant dei intellektuelle vil verta større.

Resten av småborgarskapet.

Resten av småborgarskapet er m.a. mindre butikkeigarar, sjølvstendige handverkarar, sjølvstendige i transportsektoren, arbeidsleiarar og mange funksjonærar på mellomnivå. I fleire av desse gruppene står ideologien med "å jobbe seg opp", "om å være sin egen lykkes smed" osb. sterkt. Mange av dei sjølvstendige næringsdrivande blir utkonkurrerte av kapitalistane, men har vanskeleg for å slåss saman med arbeidarklassen.

4.2.2.5. Grupper utan inntektsgjevande arbeid.

Omlag halvdelen av alle innbyggjarar (inkludert barna og dei gamle) har ikkje inntektsgjevande arbeid. Mange av dei er knytta til klassar gjennom familien sin. Fleire av dei, som dei trygda og dei under utdanning, står direkte i motsetning til staten som avgjer dei økonomiske vilkåra dei lever under.

Dei heimearbeidande kvinnene er heilt avhengige av inntekta til mannen og har få rettar. Problemet deira med å kjempe mot undertrykkinga ligg i at dei jobbar isolert i familiane.

Dei fleste unge under 20 år og mange under 30 år, er i utdanning.

Dei delar seg etter familiebakgrunn og jobb i framtida. Dei fleste studentar er småborgarar med dårleg økonomi, eit mindretal høyrer til borgarskapet. Studentar og elevar kan reise store progressive masse-rørsler, men dei må knytte seg til dei radikale i arbeidarrørsla om desse skal verta noko meir enn «døgnfluger».

Ideologiske straumdrag i desse gruppene er ofte eit varsel om ideer som kan styrke seg i samfunnet ellers.

Dei uføre og alderstrygda vert stadig fleire, 3/4 av dei er kvinner. Staten byr mange av dei kår som gjer at dei må leva i naud. Det er organisert motstand mot dette og krava har stor støtte i breie lag av folket, men det er ikkje lett å mobilisere nok krefter - og finne effektive kampmetodar.

Dei arbeidslause er kapitalismens arbeidskraftsreserve - som trekkast ut og inn av arbeidsmarkedet, etter utviklinga av konjunkturane. Dei fleste høyrer til arbeidarklassen. Fleirtalet av dei arbeidslause er kvinner. Mange unge arbeidslause har aldri hatt arbeid. Dei arbeidslause rivast mellom svartsynt passivitet - og behovet for kamp.

«Filleproletariatet» er m.a. uteliggjarar, prostituerte, mange yrkeskriminelle, narkomane og arbeidslause alkoholikarar. Dei er offer for kapitalismen, men manglar ofte den solidariteten som er naudsynt for å reise seg.

4.3. Fagrørsla.

Fagrørsla er den viktigaste masseorganisasjonen i Noreg. Den vart skapt av arbeidarklassen i kamp mot utbytting og undertrykking. Organiseringa var retta inn på dei vanlege medlemma og hadde som mål å mobilisere desse til kamp. I dag er situasjonen ein heilt annan:

LO har gått i samarbeid med staten og arbeidsgjevarane, og leiinga høyrer sjølv til borgarskapet. Organisasjonen vert utnytta som mjølkeku- og til å skaffe stønad til Arbeidarpartiet. Fagrørsla vert byråkratisert og toppen i LO arbeider for å omdanne organisasjonen til eit forsikrings-selskap.

Arbeidarklassen og fagrørsla er utsette for splittingsforsøk, som gjer det vanskelegare å halde arbeidarane saman som organisert klasse. Dette ser vi m.a. i oppsplitting av produksjonen, auka bruk av leigd arbeidskraft, nye system for samarbeid osv. Stagnasjonen i industrisysseletjinga, og mange nedleggjingar av store industriverksemder, svekkjer den mest konsentrerte delen av arbeidarklassen. I dei siste åra har det vakse fram ein motstraum mot denne utviklinga. Ein tendens er knytta til lokale lønnskampar, kampar for arbeidsplassar og mot nedleggjing - og større landsomfattande rørsler for viktige politiske og økonomiske krav («Ja til arbeid», «Kvinnenes tariffaksjon» osv.) Desse aksjonane har ført til mindre respekt for tvangslovane i arbeidslivet, og den einerådande posisjonen til DNA i fagrørsla er veikare. Mange klubbar og foreiningar vel kampviljuge arbeidarar til tillitsverv.

Ein annan tendens er knytta til utviklinga av kvinnene i arbeidarklassen som ei ny leiande kraft («spiss»). Denne har kome til uttrykk i rørsla rundt 6-timarsdagen, kvinnelønna, usaklege oppseiingar og nedskjæringar i offentleg sektor, ofte på tvers av bransjar og foreiningar. For å styrke kampkrafta til kvinnene er det heilt naudsynt å utvikle både kvinnemedvit og klassemedvit - og både kvinneorganiserin og fagorganisering. Utviklinga av einskap i arbeidarklassen krev ein allianse mellom kjerneproletariatet og kvinnene i arbeidarklassen.

I delar av småborgarskapet spelar fagrørsla ei viktigare og meir progressiv rolle i dag enn tidlegare. Dette har ein samanheng med ein proletariseringsprosess innafor desse gruppene - og ei utvikling av fagforeinings- og kvinnemedvit. Denne utviklinga er viktig for arbeidar-klassen og fagrørsla som heilskap.

AKP jobbar for å eine dei ulike delane av arbeidarrørsla, og ser det som den strategisk viktigaste oppgåva å utvikle kampkrafta i fagrørsla, slåss for ei fagrørsla som er uavhengig av borgarskapet, og styrke medvitet om den historiske oppgåva til arbeidarklassen med å styrte

kapitalismen.

(TELLEF HANSEN HAR SKRIVI UT DETTE FORSLAGET PÅ GRUNNLAG AV TRE UTKAST DET STORT SETT VAR ENIGHET OM I KOMITEEN. HAN STÅR SJØL ANSVARTLIG FOR FORMULERINGENE. ET MINDRETALL VILLE HA PUNKTET OM FAGRØRSLA SAMEN MED PUNKTET OM ARBEIDERKLASSEN).

4.4. Andre store motsetningar under kapitalismen.

I tillegg til klassemotsetningane spelar andre store motsetningar eller «konfliktområde», ei viktig rolle i det norske samfunnet:

4.4.1.1. Kvinneundertrykkinga

Kvinneundertrykkinga er innvevd i det kapitalistiske systemet. Borgarskapet nyttigjer seg den historiske stillinga til kvinnene som undertrykte - og står i skarp motsetning til kvinnene som kjønn. Menn utøver ein del av det borgarlege herredømme over kvinnene gjennom det kapitalistiske kjønnsystemet, som gjev dei makt over kvinnene.

Kjønnsmotsetninga, dvs. motsetninga mellom menn og kvinner, er ein del av kvinneundertrykkinga.

Kapitalismen utnyttar kvinnene mangedobbelt. Det meste av hus- og omsorgsarbeidet i det kapitalistiske Noreg er ikkje samfunnsmessig, men kvinners ulønna private arbeid i familiar. Dette arbeidet er nesten like stort som alt lønna arbeid til saman. I profittøkonomien finst det ingen drivkraft som kan samfunnsmessiggjere mesteparten av privatarbeidet.

Hovudansvaret for dette arbeidet ligg fortsatt hos kvinnene, mens mannen er hovedforsørger i familien. Dette er grunnleggende uendra på tross av at kvinnene har auka sin yrkesaktivitet og dermed styrka sin økonomiske stilling. Dette aukar utbyttinga på to måtar. Kapitalisten kan halde lønna til reproduksjon av arbeidskrafta lågare enn om arbeidsfolk måtte kjøpe tjenestene til markedspris. Og arbeidskrafta til kvinnene blir enda mindre verdtt enn arbeidskrafta til mennene; kvinnearbeid gjev berre spe-på-lønn.

Dette rammar og dei kvinnene som ikkje lever i familiar, kvinnelønn er lavtlønn. At kvinnene har hovedansvar for privatarbeidet legger også grunnlaget for andre sider ved det kjønnsdelte arbeidsmarkedet. Dei fleste kvinnene jobber i relativt få, rutineprega yrke, og ca. halvparten jobber deltid. Dei spelar idag ei viktig rolle som fleksibel arbeidskraft og som reservearbeidskraft.

Slik fungerer familien under kapitalismen som en økonomisk grunnenhet som befester arbeidsdelinga mellom kjønnene. Den noverande familien er ein del av dei kapitalistiske produksjonsforholda.

Siden kvinneundertrykkinga er så innvevd i kapitalismen, er det uråd å oppnå reell likestilling eller kvinnefrigjering under dette systemet.

Den kjønnsbestemte arbeidsdelinga gjennomsyrrar heile samfunnet og pregar alle institusjonar og forhold i økonomien, i politikken, skolen, media, kyrkja og fagrørsla. Den herskande ideologien framhever menn og undertrykker kvinner. Oppdseidinga i familien spelar en viktig rolle for å forme kvinner og menn til ulike sosiale kjønn.

Menn som kjønn undertrykker kvinnene. Menn har fordeler av kvinneundertrykkinga, både i arbeids- og samfunslivet og i familien, og har makt over kvinner, også makt til å sikre privilegiene sine. Samtidig trekkast dei da inn i maktutøvinga til borgarskapet og bidreg til å oppretthalde kapitalismen. For menn i arbeidarklassen og det arbeidande folket står dette i motsetning til deira klasseinteresser. Dei har strategiske interesser av kvinnefrigjering.

Porno og prostitusjon framstiller kvinnene som bruksting for menn. Porno har utvikla seg til ein svær kapitalistisk storindustri som håver inn kjempeprofitter på sadisme og kvinneforakt. Den set kvinne- og menneskesynet i kapitalismen på spissen. Pornoen fører til økt seksuell undertrykking og seksualisert vold, som både er uttrykk for og forsterkar makta og kontrollen til menn.

(JON IVAR ELSTAD STEMTE MOT DETTE PUNKTET. DET BLEI VEDTATT AT HAN SKULLE UTFORME ET ALTERNATIVT FORSLAG TIL 4.3.1. - ETTER BEHANDLINGA I PRINSIPPROGRAMKOMITEEN. DET VAR FORUTSETNINGA AT FORSLAGET HANS IKKE SKULLE VÆRE LENGRE ENN DET VEDTATTE PUNKTET. HER FØLGER FORSLAGET TIL JON IVAR)

4.4.1. Kvinneundertrykkinga(Alternativt forslag fra Jon Ivar Elstad)

Det kapitalistiske samfunnssystemet har ført kvinneundertrykkinga frå tidlegare samfunn vidare. Den kapitalistiske herskarklassen bruker den undertrykte stillinga til kvinnene for å auke profitten og styrke klasseherredømmet sitt. Samstundes har menn holdt kvinnene nede, forakta dei og utnytta dei. Derfor har historia til kapitalismen óg vore prega av kvinnekampen. Kvinnene i arbeidarklassen, men óg i andre klassar og lag, har reist seg mot borgarskapet si undertrykking. Kvinnene har slåss mot menn si undertrykking. Kvinna si stilling har endra seg gjennom

historia til kapitalismen, men full likestilling og frigjering av kvinnene er ikkje mogeleg i det kapitalistiske klassesamfunnet.

I tidlegkapitalismen var kvinna nekta røysterett, mangla rett til eigedom og skilsmisse, og var forbode å ha mange yrke og posisjonar. I seinere faser av kapitalismen har kvinnekampen fått fjerna det meste av formell diskriminering i lovverket. Men kvinnene har reelt vore undertrykt, og hindra frå deltaking i samfunnsmessig produksjon, høgare utdanning, mykje av kulturlivet og dei leiande posisjonane i samfunnet.

I den kapitalistiske epoken har mannen vore ein herskande forsørjar i privatlivet, og kvinna materielt bunde til ekteskapet. Kvinna sitt ubetalte slit i husarbeid er utnytta av borgarskapet for å halde lønningane nede. Kvinna sitt omsorgsarbeid for barn, sjuke og gamle sparar kapitalen for dei svære kostnadene ei samfunnsmessiggjering av omsorgsarbeidet ville føre til.

Den herskende ideologien har i heile den kapitalistiske epoken framheva mannen og rettferdiggjort kvinneundertrykkinga. Oppdraginga i familie og skule har støtta opp ved å forme ei underdanig kvinneverole. Mykje av ideologi og kultur er prega av kvinneforakt. Vald mot kvinner, i heimen og ellers, er utbreidd. Seksuell undertrykking og utnytting av kvinnekroppen for profitt er ein del av kjønnsundertrykkinga under kapitalismen. Prostitusjon er brutal utnytting av kvinner. I pornoindustrien vert kvinna nedverdiga, og reaksjonære kvinnesyn og seksuell vald mot kvinner vært oppmuntra.

I Noreg i 1980-åra står mykje av desse formene for kvinneundertrykking ved lag. Men kvinnene har òg vunne nokre framganger, i deltaking i samfunnsmessig produksjon og høgre utdanning, i kamp for sjølbestemt abort, mot porno og vald, mot kvinneforakt og reaksjonære kvinnesyn, mot mannen si undertrykking i heimen, og for likestilling.

Den enormt auka kvinnelege yrkesdeltakinga er viktig for framgang i kvinnekampen. Den er eit resultat av at kapitalismen i 1970- og 80-åra trengte meir arbeidskraft, men òg av at kvinnene reiste seg mot den undertrykte posisjonen sin, og krevde utdanning, inntektsgevande arbeid, barnehager og offentlege omsorgstilbod. Dei fleste kvinner er særskilt utbytta på arbeidsmarknaden, ofte utnytta som fleksibel deltidsarbeidskraft, og knytta til underordna, låglønte posisjonar i få yrke og næringar. Arbeidsgjevarane spelar på kjønnsmotsetninga for å splitte dei tilsette og kue dei kvinnelege arbeidarane med mannlege formenn og bedriftsleiarar.

Eigen inntekt gjev kvinna eit sjølstendig maktgrunnlag for å motstå mannen si undertrykking. Fleire kvinner bryt opp frå forhold der dei var underkua, fleire er einslege forsørgjarar, eller bur aleine. Men «kvinnelønna» holder kvinnene fast i ein annens rangs posisjon i samfunnet. Færre barn, meir hushaldsteknologi og mindre undertrykkande stil heime frå sume menn gjer at kvinna er mindre låst til hus- og omsorgsarbeid enn før, men framleis krev hovudansvaret for dette stort slit og offer.

Menn fører eit reaksjonært kvinnesyn og ein kvinneundertrykkande praksis vidare. Menn har alltid hatt fordelar av kvinna si underkuing, og mange av dei motset seg kvinnefrigjerung. Men menn i arbeidarklassen og folket har ingen objektiv interesse av å holde halvdelen av befolkninga nede. Kvinnene må slåst mot og avsløre mannen si undertrykking, men samstundes alliere seg med dei menn som stør kvinnekampen.

Borgarskapet aukar utbyttinga ved kvinna sitt ulønna arbeid i heimen, og underbetalinga av kvinnelege lønnstakarar, og er ein fiende av kvinnefrigjerung. Kvinnereisinga er jamvel så sterk at kapitalistane må ta omsyn til ho. Dei forsøker å ufarleggjere kvinnekampen ved å styre den til snever likestillingsstrev, og dei vil gje nokre kvinner leiarstillinger i stat og kapitalistiske verksemdar for å splitte kvinnene og auke den sosiale basisen for klasseherredømet sitt. For det store fleirtalet av kvinner er borgarskapet og staten hovudmotstandar, og den dobbelte undertrykkinga av kvinnene som klasse og som kjønn gjev særskilt grobunn for sosialistiske idear blant kvinnene.(slutt).

4.4.1.2. Kvinnekampen og kvinnerørsla.

Grunnlaget for kvinnerørsla er undertrykkinga av kvinner som kjønn. Oppsvinget for denne rørsla frå tidleg på 70- tallet, har nær samanheng med at kvinnene i massemålestokk har teke utdanning - og er vorte yrkesaktive. Dei har styrka stillinga si og vunne delseire, men dei grunnleggjande trekka ved situasjonen til kvinnene er ikkje endra.

Avdi kvinneundertrykkinga råkar alle kvinner er det grunnlag for breie alliansar blant dei. Samstundes har kvinnene i borgarskapet motsatte interesser som klasse og kjønn. Sjøl om enkelte borgarkvinner derfor kan stille seg på kvinnekampens side, vil dei som regel handle i pakt med klasseinteressene sine.

Kvinnerørsla utgjer i dag ei stor masserørsle og er ei viktig samfunnsmessig kraft. Ho spelar ei avgjerande rolle i å utvikle kvinnemedvitet. Kvinneorganisering og kvinnemedvit er naudsynt om kvinner skal vera i stand til å slåss for interessene sine som kjønn. Dette gjeld både særeigen kvinneorganisering på ulike enkeltområde - og politiske kvinneorganisasjonar som kan utvikle ei meir heilskapt line for kampen.

Kvinnerørsla må rette kampen mot det politiske og økonomiske systemet som undertrykker kvinnene, men og mot den makta menn har over kvinner.

Det er og viktig at kvinnerørsla tek del i kampen for å knuse imperialismen i heile verda.

Kvinnene i arbeidarklassen har ei spesiell historisk oppgåve i kvinne-

rørsla. Dei har samanfallande klasse- og kjønnsinteresser i å kjempe mot all undertrykking - og for sosialisme og kommunisme. Dei må spela ei leiande rolle i kvinnerørsla og vera ei leiande kraft i arbeidarrørsla. At desse og kvinnene i andre undertrykte klasser og grupper, er godt organisert både som klasse og kjønn er naudsynt for revolusjon og sosialisme.

4.4.2. Mot undertrykking av homofili.

AKP(m-l) stør kampen mot undertrykking av homofili. AKP ser det som eit mål at kjærleik og seksualitet mellom menneske av same kjønn skal stå som eit likeverdig val som alle kan ta stilling til ut frå egne kjensler.

I dei siste tiåra har kampen til dei homofile hatt stor framgang , men framleis møter dei fleste menneske homofile kjensler hos seg sjølv og andre med angst og forteiing.

Sidan familien har ein sentral plass i den kapitalistiske økonomien, vil det finst eit materielt grunnlag for undertrykking av homofile. Derfor er det viktige fellestrekk mellom homofil frigjeringskamp og kvinnekamp. Lesbiske, som blir undertrykt både som kvinner og homofile, spelar ei viktig rolle i begge desse kampene.

4.4.3. Nasjonal undertrykking.

Den norske nasjonen er herskarnasjonen i staten Noreg. Andre nasjonalitetar vert undertrykte.

4.4.3.1. Undertrykkinga av den samiske nasjonen.

Samane er eit urfolk på Nordkalotten. Kolonialisme har delt sameland mellom fire statar.

For å rana til seg samisk land har den norske staten systematisk kjempa mot samisk økonomi, språk og kultur. Målet var å øydeleggje den samiske nasjonen og tvinga samane til å verta nordmenn. Rasisme og norsk sjåvinisme undertrykker samane og vert nytta for å splitte samar og nordmenn.

Den samiske nasjonen har krav på nasjonal sjølvråderett. Arbeidarklassen må stø den samiske frigjeringskampen..(Fordi samespørsmålet er så viktig har AKP(m-l) eit eige samepolitisk program som handsamar desse spørsmåla grundigare.)

4.4.3.2. Den finske minioriteten.

Den fastbuande finske minioriteten(kvenane) er offer for ei nasjonal undertrykking. Arbeidarklassen må kjempa for nasjonale og språklege rettar for kvenane i Noreg.

4.4.3.3. Norsk sjåvinisme og rasisme overfor innvandrarakar.

Den statlege innvandringsstoppen fungerer rasistisk. Den silar innvandrarakar etter hudfarge. Kvite ekspertar slepp inn, farga vert for det meste halde ute.

Flyktninge- og asylpolitikken er ein del av den kriseramma kvite imperialistiske verdas politikk overfor dei undertrykte i den 3. verda. Forfølgde, sveltande, arbeidslause skal i minst mogleg grad sleppe inn i dei rike landa. Vanlege demokratiske rettar vert sett til side for å oppnå dette. Eit «mottak» som er elendig for flyktningar og asylsøkjarar er samstundes egna til å spreie fordommane blant nordmenn.

Dei innvandrarakane som allereie er komne til Noreg frå den 3.verda- eller Sør-Europa - er nasjonalt undertrykte. Dei har for det meste dårlege lønner, bur dårlegare enn dei fleste nordmenn, får mangelfull morsmålsopplæring, har dårlegare rettstryggleik osv.

